
Saksnr: 2020/49095-78
Saksbehandlar: Ingeborg Strandberg

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesvalstyret		21.09.2021

Stortingsvalet 2021 - Kontroll av gjennomføring og valoppgjer for valdistriktet Sogn og Fjordane

Forslag til vedtak

Fylkesvalstyret har kontrollert gjennomføring av stortingsvalet 2021 for valdistriktet Sogn og Fjordane og føreteke valoppgjer for fylket slik det går fram av "Stortingsvalet 2021 - Møtebok for fylkesvalstyret".

Samandrag

Etter vallova skal fylkesvalstyret kontrollera gjennomføringa av stortingsvalet i kommunane i fylket, og basert på dei resultat som kjem fram, foreta valoppgjer med fordeling av representantplassar og kandidatføring. Det sentrale valsysteemet, EVA, vert nytta for kontroll og valoppgjer. Møteboka skal underskrivast av det samla fylkesvalstyret og leggjast til grunn for riksstyret si godkjenning av valet.

Rune Haugsdal
fylkeskommunedirektør

Ingrid Kristine Holm Svendsen
avdelingsdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fylkesvalstyret skal kontrollere gjennomføringa av stortingsvalet i kommunane med grunnlag i det materielle som det får tilsendt, jfr. vallova § 10-9 (1).

«Fylkesvalgstyrets kontroll ved stortingsvalg og fylkestingsvalg (1) Fylkesvalgstyret skal kontrollere gjennomføringa av stortingsvalg og fylkestingsvalg i kommunane med grunnlag i det materielle som det får tilsendt etter § 10-8. Dersom fylkesvalgstyret finner feil ved valgstyrets avgjørrelser om å godkjenne eller forkaste stemmegivningar eller stemmesedlar, eller feil i valgstyrets opptelling, skal feilene rettes.»

Vidare etter same lov § 11-4 (2) skal fylkesvalstyret foreta valoppgjer og fordela distriktsmandata, og foreta kandidatføring (§ 11-5).

Kontroll

Fylkesvalstyret skal kontrollere at lov og forskrifter er følgde av røystemottakar, røystemestyre, valstyre og valfunksjonærar. M.a. skal fylkesvalstyret kontrollere opningstider i røystemlokala, godkjenning og forkasting av røystemgjevingar og røystemsetlar, og kontroll av oppteljinga, og det skal ta stilling til om valstyra sine avgjerder er rette. Feil skal rettast om det er mogeleg.

Valdirektoratet har utarbeidd formular for fylkesvalstyret si møtebok i samband med valoppgjeret. Dette formularet skal nyttast. Det går fram av møteboka kva forhold og opplysningar frå valstyra som skal kontrollerast. Møteboka er todelt og består av ein administrativ del og ein del som vert generert på grunnlag av rapportar i valsystemet EVA. I den administrative delen må fylkesvalstyret kontrollere avvik og retta det dersom det er mogeleg. Den andre delen er basert på rapportar generert i EVA på grunnlag av opplysningar i systemet ut frå teljinga. Ein får her teljeresultat, kandidatføring og mandatfordeling.

Valstyra i kommunane skal gjennomføra grovteljing og ein finteljing av både førehandsrøyster og valtingsrøystar. Med ein gong finteljinga er avslutta skal valstyra senda valmaterielle til fylkesvalstyret.

Valoppgjer

Frå Hordaland skal det no veljast 16 representantar til Stortinget, 15 distriktsmandat og 1 utjamningsmandat. Utjamningsmandatet blir fordelt av riksstyret etter at fylkesvalstyret har føreteke valoppgjer og fordelt distriktsmandata.

Vallova § 11-5 inneheld reglar om valoppgjer ved stortingsval. Fordelinga av representantplassane skjer på grunnlag av St. Laguës modifiserte metode. Røystemtala for vallistene frå alle kommunane i fylket blir summerte, og deretter dividerte med 1,4 - 3 - 5 - 7 - 9 osv. Representantplassane blir heile vegen fordelte til vallistene på grunnlag av dei framkomne kvotientane. Har to lister same kvotient, går representantplassen til den lista som har det største røystemtallet. Har dei same røystemtal, blir plassen fordelt ved loddtrekning.

Kåringa av kandidatar skjer på grunnlag av reglane i vallova § 11-5. Veljarane kan endra rekkefølga på kandidatane og dei kan stryke kandidatar. Reglane om valoppgjer inneber at endringane frå veljarane på røystemsetlane berre kan få innverknad dersom meir enn 50 % av dei som har røysta på lista, har gjort endringar ved same kandidaten. Kandidatar som ikkje kan veljast, ser ein bort frå.

Kvar liste skal så langt det er mogleg, få tildelt eit tal vararepresentantar som tilsvarer representantar valde på lista + 3. Kandidatane til vararepresentantplassane blir fordelte på same måte som representantane.

Resultatet av kontrollen og valoppgjeret skal protokollast i «Stortingsval - Møtebok for fylkesvalstyret». Møteboka skal underskrivast av dei medlemene i fylkesvalstyret som er til stades i møtet der møteboka blir godkjent. Til møtet 21.09.21 vil det liggje føre utkast til møtebok basert på resultatet av kontrollen som er gjennomført.

Straks fylkesvalstyret har godkjent møteboka vil kopi bli sendt til departementet og Stortinget. Etter å ha motteke melding frå riksstyret skal fylkesvalstyret underretta dei valde representantane og vararepresentantane om valet og opplyse om retten til å søkje fritak frå val.

Vedtakskompetanse

Fylkesvalstyret skal kontrollere gjennomføringa av stortingsvalet i kommunane med grunnlag i det materiellet som det får tilsendt, jfr. vallova § 10-9 (1).

Vurderingar og verknader

Økonomi: Ikkje aktuelt.

Klima: Ikkje aktuelt.

Folkehelse: Ikkje aktuelt.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi): Ikkje aktuelt.

Konklusjon

Fylkeskommunedirektøren rår til at fylkesvalstyret gjer slikt vedtak:

«Fylkesvalstyret har kontrollert gjennomføring av stortingsvalet 2021 for valdistriktet Sogn og Fjordane og føreteke valoppgjer for fylket slik det går fram av "Stortingsvalet 2021 - Møtebok for fylkesvalstyret".»